

Notat

Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Gjennomføring av lærlingsamlinger 2019

Lærlingsamlingar er ein del av opplæringa der ein tek opp aktuelle tema for læretida, til dømes rettar og pliktar som lærling. I år vil vi i tillegg ha merksemd på psykososialt læringsmiljø.

Skulen og lærebedrifta er sentrale plassar i ungdomen sitt liv, og det er viktig å skape gode tilhøve for ei positiv utvikling og eit godt læringsmiljø. Læringsmiljøet er elevane og lærlingane sitt arbeidsmiljø, og resultat frå lærling-, elev- og Ungdata-undersøkingar syner at det er grunn til å uroe seg over ungdommane si psykiske helse. Overgangen frå opplæring i skule til opplæring i bedrift er for mange utfordrande. For fleire lærlingar er dette første møte med arbeidslivet, i tillegg til at dei kanskje skal flytte til ein ny plass og etablere nye nettverk.

«Mot nye høgder» og tilhøyrande handlingsprogram og temadag for fag- og yrkesopplæring, 2019, har psykososialt læringsmiljø som gjennomgåande satsing. Som ein del av denne satsinga ser fylkesdirektøren det som viktig at lærlingar blir sett, får støtte og oppmuntring både i bedrifta og i fritida.

Det sosiale samspelet og det å kunne vere saman med jamaldrande er viktig, også utanfor arbeidstida. Fylkesdirektøren vurderer det såleis som viktig at lærlingar blir inkludert i skulemiljøet på den næraste vidaregåande skulen, slik at dei blir kjent med skulen sine helse- og fritidstilbod. Derfor vil fylkesdirektøren i år arrangere lærlingsamlingane på dei vidaregåande skulane som har yrkesfaglege programområde. Målet er at det skal bli lettare for lærlingen å nytte skulen sine tilbod, etablere nettverk, venner og få ei meningsfull fritid.

Samlingane tek opp følgjande tema:

Del 1

- a) Problemstillingar som kan oppstå i læretida og korleis løysa dei
 - opplæringsavdelinga – rettar og plikter
 - opplæringskontor – krav og forventingar i arbeidslivet
 - elev- og lærlingombod, Venke Nordeide – arbeidsmiljø

- b) Psykososialt læringsmiljø ved opplæringsavdelinga
 - velvære
 - normale stressituasjonar
 - refleksjonar og verktøy

Del 2

Lærlingane deltek på open skule arrangert av miljøkoordinator

- informasjon om skulen sine tilbod
- middag
- sosiale aktivitetar

Fylkesdirektøren håper at satsinga på lærlingane sitt psykososiale læringsmiljø vil medverke til at dei får gode opplevingar i læretida, og at endå fleire gjennomfører vidaregåande opplæring.